

Litt frå barnehage frå året 2020

Dette barnehageåret har vore prega av covid-19. I mars vart barnehagane stengde og me var på rødt nivå i slutten av april. Barnehagetilsette måtte omstille seg og arbeide på nye måtar. Det vart kortare opningstid og barna vart delt inn i mindre grupper. Dei hadde faste vaksne å forholde seg til og faste grupper. Mykje snakk om planleggingstida til pedagogane som ikkje alle fekk tatt ut. Det vart og ekstra arbeid på personal med tanke på vask og reinhold.

Elles har ein på kommunenivå arbeida med ulike stortingsmeldingar og rettleiarar.

HTV for barnehage har vore med på følgjande:

- Delteke på månadlege møter med kommunalsjef for oppvekst, skulerådgjevar og barnehagerådgjevar
- Delteke på styrarmøter.
- Delteke på intervju av tilsette til barnehagar
- Jobba med barnehage- og skulebruksplan
- Gjeve bistand i personalsaker
- Delteke på styremøter i UDF
- Hatt ATV- skulering både fysisk og digitalt
- Samarbeid med Nettverk-Nord om barnehagedagen 2020